

**KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT  
KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2012**

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

**Prosjektnamn**

Aktivitetsveker (vår og haust 2012)

**Prosjekteigar**

Helse Bergen HF/HUS/Ortopedisk klinikk/avdeling for Ortopedisk rehabilitering

I samarbeid med:

Helse Bergen HF/HUS/Medisinsk Servicedivisjon/Fysioterapiavdeling/Ortopedisk seksjon

Helse Bergen HF/HUS/Medisinsk servicedivisjon/Ergoterapiavdeling/Ortopedisk seksjon

**Prosjektleder** (kontaktpersoner)

Kristi Birkeland, fysioterapeut

Gyøngyver Molvær, fysioterapeut

**Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt**

Kvifor blei prosjektet starta?

Avdeling for ortopedisk rehabilitering er ei avdeling med særlig kompetanse på rehabilitering etter beinamputasjon. Avdelingen tar imot pasienter i alle aldergrupper, med ulik bakgrunn og amputasjonivå. For dei fleste vil det vere mål om å gjenvinne best mogleg funksjon med protese og lære å utnytte sine ressursar på best mogleg måte fysisk, psykisk og sosialt.

I første fase av et rehabiliteringsforløp er tiltak oftast konsentrert om tilpassing av beinproteser og å trene for å gjenvinne gangfunksjon og grunnleggende ferdigheter i ADL. Det pasienten oppnår her, ønsker ein at han/ho skal dra nytte av og vidareføre i sin kvardag. Nokre kan oppleve hindringar og utfordringar i dette og at overgangen frå sjukehus til kvardagsliv vert krevande.

For å imøtekomme dette og med forankring i forskrift om habilitering og rehabilitering, kap.4, paragraf 13., satte avdelingen som mål for 2012 å arrangere "Aktivitetsveke" der ei gruppe protesebrukarar skulle få trene og utfordre seg i aktiviteter og situasjoner som likna det dei kunne møte i sitt nærmiljø. Ein ville også søke å utvide perspektivet hos den enkelte om moglegheiter og kva som er realistisk at dei kan mestre som beinamputerte. Aktivitetsveka skulle derfor gjennomførast i naturlige omgjevnader ute av sjukehusets fysiske arealer.

Å gjere dette i gruppefelleskap med andre amputerte og med tryggheten i oppfølging frå helsepersonell, vurderte ein som verdifullt.

**Mål for prosjektet**

Kva for forbetring håpar de at prosjektet skal føre til?

For deltakarane ønskte ein å fremje gode mestringsopplevelser og å inspirere til fysisk

aktivitet og et positivt engasjement i eigen livssituasjon der overordna målsetting var å fremje helse og god livskvalitet.

Å jobbe med pasienter i naturlige miljøkontekstar er nyttig og god fagutvikling for alle faggrupper i avdelingen. Ein får innblikk i realistiske situasjoner noko som stimulerer til nye idear om korleis rehabiliteringstilbodet kan utviklast og bli bedre.

### **Metodisk tilnærming / evaluering av effekt**

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

Ei gruppe samansett av fysioterapeut, ergoterapeut, sjukepleier og hjelpepleier har hatt ansvar for planlegging, gjennomføring og evaluering av prosjektet.

Resultatet er 2 fullførte Aktivitetsveker; for leggamputerte protesebrukarar i juni og låramputerte i september 2012.

Gjennomførte aktiviteter er ferdsel i offentlig rom, bruk av kollektive transportmåtar, gange over avstand, i folkemengder og trafikkerte områder. I tillegg var det tur i ulendt terreng, sykling, innendørs klatring, besøk på treningssenter, kanopadling, dans, ridning, kjelkehockey mm.

Effekt av tiltaka er forsøkt målt med evalueringskjema om opplevd nytteverdi og vanskar. Deltakarane er også bedt om å svare på spørreskjema om funksjonsevne med protese og opplevelse av mestring.

Avdelingen skal evaluere prosjektet i lys av svar på spørreskjemaene, faglig utbytte og ressursbruk.

### **Planlagt bruk av resultat i eiga eining**

Implementering i drift mv

Den praktiske delen av prosjektet er fullført. Arbeidet med evaluering og skriftlig rapport gjenstår.

Erfaringar frå prosjektet vil bli videreført i driften. Kva form dette skal ha er førebels ikkje avklart. Tilbakemeldingane frå deltakarane er svært positive.

### **Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Fagtidsskrift, vitenskapelig artikkel, presentasjon på fagdager, konferanser osv

Skriftlig rapport frå prosjektet vil bli presentert i avdelingen. Det er også laga et bilde og filmmateriale frå aktivitetsvekene som er tilgjengelig for bruk i undervisning. (for relevante faggrupper og samarbeidsparter, studenter, nye pasienter ol.)

Ein vurderer å skrive artikkel i aktuelle tidsskrift retta mot brukarar og fagpersonell.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt)

Februar 2012

**Sluttidspunkt** (planlagt)

Desember 2012.